



IHM

info

Indre Hordaland Miljøverk Informerer – November 2001

Plast neste

Plast har alt i fleire år vore ein del av innsamlingsordningane våre. Men ikkje alle hushalda har teke del og slett ikkje alle har vore klar over at plastinnsamling har vore ein del av ordninga vår. Dette har delvis vore på grunn av liten kapasitet i vårt eige system, men også på grunn av strenge sorteringskrav ved dei sentrale mottaka. Dette har gjort at ordninga meir eller mindre har vore for dei spesielt interesserte som har vore villige til å gjere den sorteringsjobben som har vore nødvendig. I mellomtida har aukande mengde plast gått på fyllinga, og dei siste registreringane våre viser at mellom 20 og 25% av alt avfall som hamnar på fyllinga er plast. Det svarar til nærare 1000 tonn kvart år i vår region.

Ueinsarta materiale

Plast er eit ueinsarta materiale og finst i mange former. Nettopp denne mangs- lungne samansetjinga har skapt hovudbry langs heile gjenvinningslina. Plastsortering har rett og slett vore for vanskeleg. Etter kvart som tida har gått, er det gjort tekniske framsteg når det gjeld å handsame ulike plasttypar samstundes og me har no funne tida mogen til å starte plastinnsamling. Enkelte avfallsselskap har alt innført innsamling av plast som eigen fraksjon, dvs. som ein eigen del sortert ut frå resten av avfallet. Me vil støtte oss til dei erfaringane desse har gjort.

Utpå nyåret

Kva form plastinnsamlinga skal få i vår region er enno ikkje heilt bestemt, men mest truleg vil kvart hushald få utdelt ein rull med blanke plastsekker på storleik med ein vanleg bossekk til å leggje plasten oppi. Når denne sekken er full kan den setjast fram samstundes med papirdunken. Under sorteringa vert plastsekken lagt til sides på «samlebåndet» der også drikkekartong og papp vert skilt frå det vanlege papiret. Som sagt, plastmengdene til deponiet på Bjørkemoen berre aukar og me ser fram til å få gjort noko med dette. Plast i deponiet gjer ingen nytte, som gjenvunne materiale kan plast brukast på nytt.

Eiga brosjyre

Utpå nyåret vil du få ei eiga infobrosjyre om dette i posten. Vårt håp er at du vil vere med å gjere ein innsats for å sortere ut plasten. Slik reduserar me dyr deponeringsplass og unødig forurensing. Og kanskje er det dette som skal til for at du skal kunne redusere frekvensen på restavfallstøminga og oppnå lågare avfallsgebyr? For etter kvart er det heldigvis vorte slik at det som er bra for miljøet også er bra for vår og din økonomi.

Elektrisk- og elektronisk avfall. (EE-avfall)

Skal du kjøpe nytt fjernsyn, kjøleskap eller anna elektrisk utstyr? Det gamle kan du levere gratis i el-butikken. Det gjeld også om du ikkje kjøper nytt.

Regelen i el-butikken er slik:

Har me det så tar me det; dvs sel butikken støvsugarar tek den også imot brukte støvsugarar uten kostnad for deg. EE-avfall kan også leverast på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg i opningstida man.-fre. 08.00-14.30 (til 18.00 torsdagar). Gratis for privatpersonar.

” Livet må leves forfra, men kan bare forstås bakfra. “

Søren Kierkegaard



**Indre Hordaland
Miljøverk**

er eit interkommunalt selskap for kommunane Eidfjord, Granvin, Jondal, Ullensvang, Ulvik og Voss. Selskapet arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming.

Adresse: Postboks 161
5701 Voss

Kontor: Vangsgata 22B
5700 Voss

Telefon: 56 52 99 00
Telefax: 56 52 99 01

E-post: ihm@ihm.no
Heimeside: www.ihm.no

Dekorerte bosbilar

VK I-klassen, teikning, form og farge, ved Voss Husflidskule fekk i oppgave å kome med framlegg til dekorering av dei nye bosbilane som no har vore i drift ei tid. Mellom dei mange gode framlegga er det valt ut seks motiv. Eitt av dei ser me til høgre saman med dei fire som har utforma kunstverka, frå venstre Lisa Soltvedt, Astrid Instanes, Renate Sætre og Kristina Straume. Kristina Straume har ansvaret for dette kunstverket og Torstein Ohnstad har vore faglærer.



Kvar vert avfallet av?

Det sorterte avfallet vert mellomlagra på Bjørkemoen eller på dei sentrale miljøstasjonane før det vert levert vidare til ulike former for gjenvinning:

Fraksjon	Avtale med	Gjenvinningsanlegg
Bioavfall	Bioplan Hardanger	Lindenes, Odda
Papir	Norske Skog	Skogn
Papp	Levert via Bjørke Biloppsamling	
Glas/metallemb.	Norsk Glassgjenvinning	Onsøy, Fredrikstad
Landbruksplast	Plastretur as	Folldal Gjenvinning
Plast	Plastretur as	Fleire
Klede	Fretext / UFF	Midtun, Bergen / Skedsmo
Metall	HAG	Levert Bergen
Spesialavfall	Norsk Gjenvinning	Flesland m.m.
EE-avfall	Renas, EL-retur	Fleire

IHM på nett.....

Også IHM er på nettet. Meininga med heimesida er å gjera det lettare for deg som abonnent å få tak i den informasjonen du ønskjer. I tillegg til praktiske opplysningar om t.d. sortering, miljøstasjonar, kompostering, er tømekalendaren og infoarka lagt ut på internett. Adressa er: www.ihm.no



Avfallsreduksjon

For om lag eit år sidan var me første gongen innom temaet avfallsreduksjon. Det var meint som innleiing til ei større satsing og det vart sett visse voner til at sentrale styresmakter ville yte drahjelp i denne satsinga. Slik gjekk det ikkje, hjelpa som var venta frå sentralt hald har sidan lete vente på seg.

No vil me minne om at avfallsreduksjon framleis er eit aktuelt tema. Avfallsreduksjon handlar om å produsere mindre avfall. Det handlar om å ha eit medvite forhold til bruk av ressursar som ikkje er så uavgrensa som mange synest å tru. I ein del samanhengar ser me heller ein tendens til at folk vert mindre opptekne av å ta vare på dei ressursane me er sette til å forvalte. Det kan vere fleire årsaker til at det er slik, ei årsak er heilt sikkert at me som einskildmenneske føler oss hjelpelause i møtet med dei store produsentane og deira bodskap om stadig å kjøpe meir. Slik treng det ikkje vere.

Dei som skal selje varer på marknaden, er avhengig av at du som forbrukar vél nettopp deira vare. Dei er difor interesserte i å imøtekomme dine krav, og som einskildmenneske har du stor makt når du spør om nettopp deira vare er produsert med miljøvenlege metodar, med optimal bruk av ressursar, eller om etiske retningslinjer er følgt. Me anar ei gryande interesse for slike spørsmål, og vert me mange nok som stiller dei same spørsmåla må sjølv dei største produsentane ta omsyn.

Still deg sjølv spørsmål om du verkeleg treng alt dette som vert bydd frem. Og om du må kjøpe, kjøp det som varer lenge!

Me veit at me har mange medspelarar mellom brukarane våre når det gjeld fornuftig bruk av ressursar. Ver medviten den makta du har, still spørsmål, og tru ikkje at din innsats betyr lite fordi om du føler deg åleine. Det kvar einskild av oss gjer, er viktig!

Kvar står glascontainerane?

Til høgre viser me ein oversikt over kvar containerane for glas- og metallemballasje er plassert. I containerane kan du levere klart og farga glas, men ikkje porselen, keramikk og knuste glasruter. Me ber om at du legg metallemballasjen i den containeren der det er best plass. Porselen, keramikk og knuste glasruter er restavfall.

Glas- og metallemballasje kan også leverast på dei sentrale miljøstasjonane i deira opningstider.

Container for glas- og metallemballasje

Eidfjord	Eidfjord sentrum Øvre Eidfjord
Jondal	Jondal sentrum Herand
Granvin	Eide ved Samvirkelaget Øvre Granvin ved butikken
Ullensvang	Kinsarvik på biloppstillingsplass på ferjekaien Lofthus Hovland Nå Velure Utne Djønno
Ulvik	Brakanes, 2 stk
Voss	Bolstadøyri ved butikken Evanger ved kryss Teigdalsvegen Bulken på jernbanestasjonen Vangen bak MEGA Vangen bak Idrettshallen Bordalen ved butikken Oppheim ved Bua Vinje ved Handelslaget Skulestadmo ved S-Marked Skulestadmo ved Super Spar Voss Palmafossen ved Kiwi Dalsleitet ved SparMat Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg

PCB


PCB er ei miljøgift som har kome sterkt i fokus i det siste. Stoffet er eit industrikjemikalie som vart utvikla på 1920-talet. På grunn av gode eigenskapar vart det brukt i fleire produkt, m.a. bygningar. Når desse produkta vert skifta ut, utgjer dei ei varig forurensingskjelde dersom dei kjem på avvegar. På seksti- og syttitalet vart dei første skadeverknadene av PCB synlege på dyr. Seinare er det kartlagt alvorlege konsekvensar også for menneske. Mellom dei mest kjende helseeffektane er nedsett immunforsvar, auka kreftrisiko og nedsett formeiringsevne. PCB vert vurdert som ei av

verdens farlegaste miljøgifter og er no ulovleg å bruke.

PCB finst for eksempel i fugemasse, kondensatorar og i isolerglassruter produsert i perioden før 1975. Desse er no i ferd med å verte skifta ut. Har du skifta slike glassruter tek me imot dei heile på dei sentrale miljøstasjonane og på Bjørkemoen. Derifrå vert dei transportert vidare til sentralt mottak og uskadeleggjort. Levering av slike vindauga er gratis for privatpersonar. Har du spørsmål om dette, ta kontakt med oss.

Problem med komposten?

Ein kvar som driv med heimekompostering veit at temperaturen i bingen svingar uten at det er så lett å forstå kvifor. Har du problem med å halde temperaturen oppe? Ta kontakt med oss, kanskje kan me hjelpe med nokre gode råd.



Nye opningstider på Bjørkemoen Avfalls- og Gjenvinningsanlegg.

Frå 1. desember vert opningstidene på avfallsmottaket på Bjørkemoen endra. Torsdagen vert det utvida opningstid til kl.1800 for å gje eit betre tilbod til dei som ikkje har høve til å levere på dagtid. Opningstidene vert elles korta inn ein halv time morgon og kveld.

” Mindretallene er neste generasjons flertall. ”

Jean-Paul Sartre

Opningstider på miljøstasjonane

Kommune	Plass	Dag	Tid
Eidfjord	Simadalen	torsdag	12.00 - 18.00
Granvin	Røystrand	onsdag	12.00 - 17.45
Jondal	Pineskår	torsdag	14.00 - 17.00
Ullensvang	Husemoen	torsdag	12.00 - 18.00
	Øyjordet	torsdag	12.00 - 18.00
Ulvik	Gjelet	torsdag	12.00 - 18.00
Voss	Bjørkemoen	mån., tys., ons. og fre.	08.00 - 14.30
	Bjørkemoen	torsdag	08.00 - 18.00

Indre Hordaland Miljøverk arbeider med kommunale renovasjonsordningar og miljøvenleg avfallshandsaming i desse kommunane



EIDFJORD
KOMMUNE



GRANVIN
HERAD



JONDAL
KOMMUNE



ULLENSVANG
HERAD



ULVIK
HERAD



VOSS
KOMMUNE